



venstre

Nordfjordeid, 10. mars 2011

Til Eid kommune v/ Ordførar Sonja Edvardsen

Søknad frå Eid/Nordfjord-kommunane om Nordfjord som pilotregion for samhandling i helsevesenet

Helsedirektoratet har nyleg – som ein lekk i førebuinga til samhandlingsreforma - utlyst 131 mill kr til pilotforsøk for nye former for samarbeid mellom kommunale helsetenester og spesialisthelsetenesta.

Helsedirektoratet har blinka ut som eit spesielt mål med ordninga, å få fram nye modellar for samhandling og organisering av kommunale helse- og omsorgstenester og samarbeidstiltak med spesialisthelsetenesta.

Midlane som er utlyste, bør etter Eid Venstre sitt syn vere midt i blinken for å kunne realisere dei spesielle mulighetane Nordfjord har til å gå i front og syne veg for korleis samhandlingsreforma kan sjå ut i praksis. Vi har eit sterkt og velfungerande lokalsjukehus som alle kommunane samarbeider nært med alliereie og med små barrierar mellom nivåa. Vi er også ein region med god røynsle for samarbeid i helsevesenet, små avstandar og relativt små kommunar som neppe åleine maktar å ta på seg dei store nye helseoppgåvene samhandlingsreforma vil medføre.

Ein søknad om samhandlingsmidlar vil vere eit viktig signal til Regjeringa om at Nordfjord er **ein** region som er villig til å tenke nytt om organiseringa av primærhelsetenestene – med basis i eit sterkt lokalsjukehus med føde- og akuttilbod – og som er framtidssretta med tanke på gode helsetenester for innbyggjarane i regionen.

Vi vil difor med dette sterkt oppmode Eid kommune, som vertskapskommune for sjukehuset i Nordfjord, om å setje alle klutar til for å få fram ein offensiv søknad om Nordfjord som pilotregion for samhandling i helsevesenet innan fristen 24. mars. Konkrete døme på prosjekt ein bør kunne söke om finansiering om sett frå Eid Venstre sin ståstad er:

- **Kommuneoverlege for Nordfjord og Vanylven – med ansvar for mellom anna smittevern, miljøretta helsevern og overordna helseplanarbeid for regionen sett under eitt**
- **Få på plass privatpraktiserande legespesialistar i Nordfjord - til dømes innanfor øyre/nase/hals, auge, hud og gynekologi**
- **Få på plass eit felles opplegg i Nordfjord for legestilling(ar) innanfor sjukeheimsmedisin.**

Lista er sjølv sagt ikkje utfyllande, men dette er uansett ein gyllen sjanse til å kome tidleg i gang og få statleg finansiering av eit arbeid våre kommunar uansett snart må i gang med. Vi er klar over at det også er ein søknadsfrist i august, men vil peike på at vi då både trulig misser muligheten til å bli ein pilotregion nasjonalt, og at heile 80% av midlane i følge rundskrivet frå Helsedirektoratet blir delt ut i denne første søknadsrunden i mars.

Eid Venstre ber difor ordføraren gripe tak i saka straks, og aller helst trekke med seg Nordfjordrådet, ressurspersonar innanfor helsevesenet i Nordfjord og Helse Førde-systemet, for å få ein god søknad på plass innan fristen 24. mars.

Med venleg helsing

Gunvald Ludvigsen

Leiar i Eid Venstre

Kopi: Nordfjordrådet v/leiar Gunn Helgesen

Nordfjordrådet v/sekretær S. Vereide